



# Rettleiar for antikvarisk istandsetting

## verne- og verdsarvområdet i Nærøyfjorden



Vestland  
fylkeskommune

# Innhald

Rettleiar for antikvarisk istandsetting .....	1
verne- og verdsarvområdet i Nærøyfjorden .....	1
Kva er antikvarisk istandsetting? .....	3
Kva er ikkje ei antikvarisk istandsetjing? .....	2
Oppgradering og isolasjon .....	2
Tilstand .....	3
Grunnmur/murverk.....	4
Konstruksjon og materialbruk.....	6
Tak.....	7
Døme på ulike tekkemetodar, kledning .....	9
Dører og vindauge .....	12
Istandsettingsobjektet, dokumentasjon .....	13
Søknad .....	14
Tilskot .....	14
Døme på ein istandsettingsprosess .....	15

Denne rettleiaren tek føre seg korleis ein bør gå fram ved praktisk istandsetting med omsyn til objekt, handverkarar, tilskotsordningar og forvaltinga. Dersom ein skal søkje om tilskot til istandsetting av eit kulturminne i verneområdet er det generelt eit krav om at dette skal gjennomførast etter antikvariske prinsipp.



Figur 1. Elling Hans-stova i Undredal, Aurland kommune. Foto Knut Olav Lie.

## Kva er antikvarisk istandsetting?

Antikvarisk istandsetting har som hovudføremål å ta vare på den historiske bygningen med sitt særpreg i form av materialbruk og byggjeteknikkar, med bevaring av så mykje som råd er av alt det originale. Byggjeskikkane i verne- og verdsarvområdet er i hovudsak tufta på bruk av lokale ressursar som stein, never, torv og tre, der konstruksjonane er bygd for å stå med dei lastane dei er utsette for i dette området. Dei berekraftige byggjeskikkane syner at dei kan stå svært lenge sjølv med mindre bruk, fordi dei er bygde med material som kan ta opp og avgje fukt. Dette er verdiar og kunnskap som vi har til

føremål å bevare så godt som mogleg. Det er difor viktig at bygningen sitt eksteriør og konstruksjon ikkje blir vesentleg endra.

Material som må bytast ut grunna insekt- eller røteskadar, skal bytast ut med så lik material som mogleg. Det gjeld dimensjon, materialtype og kvalitet, samt utføring av overflatar.

I hovudprinsippet er det dei gamle handverksteknikkane som er retningsgjevande ved istandsettingsarbeid. Det er eit generelt krav til bruk av rett handverkskompetanse i prosjekt som får tilskot. Dei ulike tilskotsordningane er bygd på dei same prinsippa om antikvarisk istandsetting.

Ved innvendige istandsetningsarbeid vil ein eigar stå friare enn i det utvendige. Dersom ein bygning skal oppgraderast t.d. ved endring av bruk, er prinsippet at tiltaka ein gjer skal vera reversible - altså at ein i framtida kan tilbakeføre bygningen til slik den har vore i utgangspunktet.

Antikvarisk istandsetting krev kunnskap om tradisjonell materialbruk og tradisjonshandverk, men kan i mange tilfelle også utførast av eigarar som har ein varsam tilnærming til utskifting av material og som kan skaffe til vege rette typar materialar til reparasjon. Døme på slike tilfelle kan vere uthusbygg, som ofte har vore bygde av bonden sjølv.

Sjå Riksantikvaren heimeside for meir info <https://www.riksantikvaren.no/veiledere/bygning-og-anlegg/>

## Kva er ikkje ei antikvarisk istandsetjing?

Tiltak som ikkje fell inn under antikvarisk istandsetting, er ei rekke oppgraderings- og utbetringstiltak. Døme på dette kan vere etterisolering. Det kan vere fornuftig å gjera slikt samstundes, men tilskota vil ikkje dekke slike tiltak. Oppgraderings- og utbetningsarbeid må likevel skildrast i ein søknad. Dette fordi det kan få visuelle konsekvensar for eit kulturminne. T.d. er det svært ueheldig å isolere over tak, altså bygge høgare tak som endrar form og utsjåande. Tradisjonelle takutstikk er som oftast korte. Dette er ein byggjeteknikk som står seg godt mot sterk vind. Det er viktig å ta vare på slike bygningsdetaljar som er med å forme byggjeskikkane i dei ulike regionane.

Utskifting av gamle dører og vindauge til nye isolerglassvindauge eller nye dører av andre typar material enn dei opphavlege er ikkje i tråd med antikvariske prinsipp. Dette vil i stor grad forringe det opphavlege uttrykket til bygningen, noko som ikkje er ønskeleg. Slike tiltak får ein ikkje tilskot til. Utskifting av vindauge og dører er også rekna som fasadeendring, og må søkjast om til kommunen. Å sette i stand/reparere dører og vindauge som er opphavlege eller stått lenge i bygningen, kan ein derimot få tilskot til. Ein kan også søkje om tilskot til å få laga varevindauge til gamle vindauge. Varevindauge er innvendige glas som koblast på ytterramen, eller monterast lenger inne i karmen. Dette er ein god løysing som kjem svært godt ut jf. Isolasjonsverdi.

Les meir her: <https://www.byggogbevar.no/om-bygg-og-bevar>  
[https://issuu.com/fortidsminneforeningen/docs/2020\\_vindusrestaurering\\_hefte](https://issuu.com/fortidsminneforeningen/docs/2020_vindusrestaurering_hefte)

## Oppgradering og isolasjon

Objekt som skal oppgraderast til ny bruk må gjerast på bygningens premissar, slik at dei ikkje endrar bygningens karakter. Det er også viktig at nye materialar ikkje lager dårligare bygningsfysiske forhold.

Isolasjon til moderne hus er laga for å ha ein dampsperre på innsida av konstruksjonen. Prinsippet er at det ikkje skal komme varm luft inn i veggen, men ut av eit mekanisk ventilasjonsanlegg. På gamle hus kan ein i all hovudsak ikkje følgje dette prinsippet. Det betyr at ein må nytte isolasjonsmateriala som tole å stå utan dampsperre (plast). Det er fleire gode produkt på marknaden som er basert på papir eller treverk, som kan blåsast inn eller leggast som matter. Denne type isolasjon har eigenskapen til å ta opp og avgje fukt, og er svært eigna til å etterisolere gamle hus med. Men når det gjeld hus som ikkje har heilårsbruk, vil vi anbefale at ein tenkjer seg om fleire gangar før ein vel å etterisolere. På ein tømmerkonstruksjon vil ofte vindsperrere vere nok i vårt relativt milde klima. Ein grei hugseregel kan vere at ein tung isolert tømmerkonstruksjon krev mykje lengre tid å varme opp.

Meir info her: <https://www.riksantikvaren.no/gode-rad-og-tiltak/>

## Tilstand

Før ein set i gang med reparasjonar må ein vurdere/analysera tilstanden på bygningen. Her må det nyttast fagkompetanse, slik at ein gjer ting i rett rekjkjefølgje. T.d. må ein ikkje rette opp taket før ein har analysert konstruksjon og fundament, om noko av dette må utbetraast først. Bygningen må analyserast i sin heilskap før ein planlegg eller gjennomfører tiltak. Nokre gongar kan skadebilete på tømra hus vere så kompliserte at ein t.d. må demontere bygningen for å reparere stokkane enkeltvis. Det er både fordelar og ulemper ved slike omfattande tiltak. Ein kan også gjere meir skade på ein bygning ved demontering. Storleiken på bygget er ein viktig faktor her, og kvart objekt må vurderast grundig før ein vel metode for reparasjon. Kyndige handverkarar må vurdere den beste reparasjonsmetoden for kvart enkelt prosjekt, men ein kan også be om råd frå forvaltinga.

Demontering av bygningar er tiltak som ein må søkje kommunen om (omfattande istandsetting). Ein tilstandsanalyse bør utførast av kompetente handverkarar, som har erfaring med antikvarisk istandsetjing.

# Grunnmur/murverk

Det er viktig å få ein kyndig handverkar til å sjå over murer når ein skal planleggje istandsetting av husa sin grunnmur. Attgroing og endring av terrenget over tid kan gje negative konsekvensar for tørrmurer. fundamentert på andre massar enn fjell. Ved reparasjon av tørrmurer lyt ein ofte plukke ned eit heile parti av muren, for så å mure det opp att. På mindre enkle murer kan ein i nokre tilfelle klare å lirke inn att stein som er på veg ut. Å tilføre betong i/på tørrmurer som forsterking, er ein metode som oftast gjer meir skade på sikt, og er ikkje godkjend metodikk i antikvarisk istandsetting.

I hovudsak er murer og fundament reist med stein funne i same område som ein har bygd hus. Det kan vere åkerstein eller stein henta frå ras område og elvefar. Det kan vere enkle eller doble murer fylde med jord og grus, ettersom kva funksjon huset eller kjellaren har hatt. Kjenneteikne på murverk i denne regionen er at det har vore nytta mykje handleg Stein. Ofte kubiske og såleis utfordrande å mure med. I mange tilfelle er det meir stabling av stein enn muring i forband. Men i eit relativt tørt klima med gode drenerande grusmassar, har murane stått tåleg bra i fleire generasjonar. Det er viktig å vidareføre tradisjonane med bruk av ressursane og muring med stein utan bindemiddel.



*Figur 2. Grunnmur i stein som har blitt reparert med betong. Dette er ein ikkje-ønska metode for reparasjon. Foto S. Nordrumshaugen/VLFK.*

Feil utbetringstiltak som kan slå ueheldig ut er støyping av nye fundament og murar i betong, der det ikkje har vore nytta betong tidlegare. Dette er typiske tiltak som ofte blir gjort i beste meinings, men som kan vere direkte skadelege for bygningane på sikt. Betong er mykje sterkare enn kalk- og leirmørtel. Av di betong ikkje er eit fleksibelt material, og fordi den held meir på fukt, kan ein risikere at små setningsskadar vert til større skadar på muren.

For meir informasjon sjå: <https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/mur/artikler/a-mure-med-leire>



Figur 3. Før istandsetting.

Hansalåni i Undredal vart eit svært omfattande prosjekt. Låni hadde store husbukkangrep og utrasa grunnmur. Foto S. Nordrumshaugen/VLFK.

Typisk for området i Indre Sogn er at ein har nytta åkerstein som i liten grad har vore bearbeidd (tukta). Ofte finn vi därlege forband i slike murer, fordi det har vore nytta relativ liten stein. I mange tilfelle er det berre stabling av stein som har vore metodikken. Det kan vere utfordrande å halde ved like eller reparere slike murer. I somme tilfelle lyt ein supplere med nokre større steinar slik at ein får betre band i murane. Då er det viktig å finne stein frå same området/region for å bevare det same uttrykket på murane.



Figur 4. Etter istandsetting. Murane på Hansalånni vart sett opp att og det meste av konstruksjonen mått laftast opp att. Foto. S. Nordrumshaugen/VLFK.

# Konstruksjon og materialbruk

I verne- og verdsarvområdet finn vi fleire ulike typar konstruksjonar i tre og stein. Innhus og heimeløer har i stor grad vore bygde med liggjande tømmer (laft). Utløer og andre uthus er ofte bygde i reisverkskonstruksjon. Reisverka i denne regionen vert kalla stikksperrhus. Det er ein konstruksjon i bindingsverk med botn og toppsviller, som har sperrebukkar som berer åsar. Steinhus finn ein som naust ved fjorden og som stølshus. I ei tid med liten tilgang på skog har det vore naturleg å byggje hus i stein. Bruk av stein har vore ein betydeleg del av husbygging, og bruk av ressursane i dette området.

Når det gjeld reparasjon av konstruksjonar så er det viktig å analysere skadeomfanget før ein vel metodikk. Hovudregelen er at vi søker å reparere bygningen ståande, men erfaring viser at det ofte er store husbukkangrep på konstruksjonane som gjer at ein må demontere hus for reparasjon. Dette vert omfattande prosjekt på alle plan og slike tiltak må søkjast om hjå kommunen.

Når det gjeld bruk av material til husbygging har furu vore det dominante treslaget. Det er lett å arbeide med og er som regel eit beinare virke enn lauvtre. Furu med mykje kjerneved er også eit svært røtesterkt material. Ulempa med furu er at yteveden er svært utsett for røte og angrep av husbukk. Det er difor viktig at ein ikkje brukar furu av dårligare kvalitet enn det opphavlege materialet. I område med mykje aktiv husbukk må ein nokre gangar avvike frå regelen om å bytte ut material med same kvalitet, dersom dei opphavlege stokkane har mykje yteved og lite kjerneved. Vi finn også mykje bruk av osp i konstruksjonsvirke i Indre Sogn. Ospa er eit sterkt byggjemateriale og blir ikkje angripen av husbukk.

Les meir om husbukk her: <https://www.fhi.no/nettpub/skadedyrveilederen/biller/husbukk/>



Figur 5. Løa på Øvste Stegen er eit godt døme på varsam istandsetting. Konstruksjon, mur og fundament, vindauge og kledning har vore sett i stand. Foto Jorunn Vallestad/Statsforvaltaren, 2021.

## Tak

Til tekking av tak har det i hovudprinsippet vore nytta never og torv, trebord (bordtak med over- og underliggjarar), skifer eller steinheller, teglpanner og bølgjeblekk. Det er eit føremål å bevare desse tradisjonelle tekkematerialane og kunnskapen med å leggje dei. Bordtak har vore eit utbreitt tekkematerial på tak i dette området, men som det no er svært få døme att av.



Fig. 6. Rekonstruert naust med bordtak i Undredal. Foto, Arlen Bidne VLFK, 2011.

## Døme på ulike tekkemetodar, kledning

I hovudsak er det kledning av furu som har vore nytta til tekking av hus i verdsarvområdet. Det har vore vanleg å nytte seg av heile stokken slik vi ser på fig. 7. Dei ulike teknikkane ved å kle hus er viktig å bevare på kvart objekt. Dersom ein må byte ut heile veggar med kledning er det ønskjeleg å kopiere den opphavlege kledningen og tekkemetoden.



Figur 7. Heimeløe på Bakka. Foto S.

Nordrumshaugen/VLFK.

Ei god utnytting av ressursane har vore å nytte heile stokken. Ståande over og underliggjar, der hunbord (intakt yteved) ligg som overliggjarar har vore vanleg tekkjeskikk, der ein vil ha ein tett vegg. På utløer med reisverk har ein ofte nytta ståande kledning kant i kant der det kjem inn luft til høyet.



Figur 8. Utløe i Dyrdal. Foto S.

Nordrumshaugen/VLFK.

Ofte finn ein både ståande og liggjande kledning på hus. Liggjande kledningsbord er som oftast kanta på sag eller med øks. Ved å kante borda får man mindre yteved (geitved) som på furu er svak for røte og insektangrep. Det er i hovudsak furu som har vore nytta, men vi finn også at ein har nytta lauvtre som t.d. osp i somme tilfelle. På liggjande kledning har det vore mest vanleg å leggje borda med rettsida ut (mergsida). Rettsida er meir slitesterk, og ein får ein meir varig material når ein følgjer dette prinsippet. Ombruk av kledning og takbord som kledning finn vi også ein del døme på. Det er difor viktig å sjå nærmare på kva bord som har vore nytta på det objektet ein skal sette i stand.



Figur 9. Dei høvla rennene på kvar kant av bordet syner ombruk av takord. Foto S. Nordrumshaugen/VLFK.



Figur 10. Utløe på Stokko. Døme på stande kledning kant i kant. Foto S. Nordrumshaugen/VLFK.

# Dører og vindauge

Gamle dører og vindauge er ein vesentleg del av fasadane på gamle hus. Dei er som oftast bygde med material av god kvalitet som kan stå svært lengje med enkelt vedlikehald.



Hus frå 1850-talet på Styvi. Foto Stig Nordrumshaugen/VLFK, 2021.



Figur 11. Dør på Øvste Stegen reparert av Knut Olav Lie. Foto Knut Olav Lie.



Figur 11. Nystelte vindauge. I mange tilfelle har ein ikkje måla vindauge tidlegare. Det vart gjerne ikkje prioritert på uthus. Foto Jorunn Vallestad/Statsforvaltaren, 2021.

## Istandsettingsobjektet, dokumentasjon

I alle istandsettingsprosjekt er det lurt å finne mest mogleg informasjon om objektet som skal settast i stand. Kva var den opphavlege funksjonen til bygningen? Kva for bruk har bygningen hatt, kva er den tenkt nytta til framover?

Gamle bilete, SEFRAK-registeret, branntakstar, eigedomsskøyter og grunnbok eller andre historiske kjelder kan gje mykke informasjon om bygningane. Dette kan ofte vere interessante kjelder, fordi objekta kan ha vore bygde om i moderne tid. Ofte veit ein heller ikkje kor gamal ein bygning er. Difor er det viktig med ein analyse og vurdering av bygningen før ein tek til med planlegginga av det praktiske restaurerings eller istandsettingsarbeidet.

Mange eigalar har god kjennskap til eigne bygg og eiga gardshistorie. Men det kan vere lurt å få ei vurdering frå andre i tillegg. Her kan handverkarar, kommune, kulturminneforvalting eller andre institusjonar hjelpe til. Fylkeskommunen kan også gje råd og rettleiing. I særskilte tilfelle kan fylkeskommunen også gje ei kulturhistorisk vurdering/uttale.

# Søknad

Dersom ein skal søkje tilskot til istandsetjing av eit objekt, er det vesentleg å ha med eit kostnadsoverslag frå handverkar. Då er det viktig at også handverkarane har ei varsam tilnærming til utskifting av material, slik at ein viser at ein vil følgje dei antikvariske prinsippa.

Søkjar må sette seg godt inn i vilkåra for tilskot, slik at det blir minst mogleg misforståingar gjennom prosjektet. Dei beste prosjekta er dei som blir gjennomført etter framdriftsplan. Gjennomføringsevne er viktig, og det er lurt å ikkje gapa over for mange store tiltak i første runde.

Ein del istandsetjingstiltak krev løyve frå kommunen, og av verneområdestyret dersom bygningen ligg innan for verneområdet. Det er difor alltid lurt å ta kontakt med kommunen, og eventuelt verneområdestyret, når du begynner å planlegge for å få avklart om tiltaka dine krev løyve etter plan og bygningslova eller verneforskriftene. For meir om dette sjå restaureringsplanen kap. 5 og 6.

# Tilskot

Fylkeskommunen har to ulike tilskotsordningar til verneverdige bygg og kulturlandskap. Ein for verdsarvområdet (post 79), og ein for verna kulturminne med regional verdi. Sjå heimesida vår <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/>

Norsk Kulturminnefond [www.kulturminnefondet.no](http://www.kulturminnefondet.no) er den største bidragsytaren til verneverdige bygg på landsbasis. Norsk Kulturarv kan også gje støtte til kulturminne, «Ta et tak»-aksjonen <https://www.kulturarv.no/aksjoner/ta-et-tak-aksjonen>

Ein del private fond gjev også tilskot til istandsetjing av kulturminne som har ein allmenn nytte, som til dømes Stiftelsen UNI <http://www.stiftelsen-uni.no/>

Når ein kjem i gang med dei planlagde tiltaka er det viktig at ein har god dialog med dei som har gjeve tilsegn om tilskot. Dersom det blir endringar i planen, skal ein informere om dette. Det er meir regelen enn unntaket at prosjekta blir større både i omfang og kostnad når ein har kome i gang med det praktiske arbeidet. Det er difor viktig med god dialog mellom partane i prosjektet. Tidleg og tydeleg kommunikasjon er gode stikkord.

For å få ut sluttbetaling på eit prosjekt må eigar levere sluttrapport på prosjektet. Erfaring viser at dette ofte blir utsett eller «gløymd». Det er difor lurt å begynne på rapporteringa når arbeidet tek til. Ein slutttrapport kan lagast i t.d. Power Point. Legg ein inn eit bilet med kommentarar undervegs, blir ikkje rapporteringa så tung til slutt. Utan slutttrapport får ein heller ikkje ut heile tilskotet.

## Døme på ein istandsettingsprosess

Vi har mange døme på hus som går ut av bruk, og eigarar som ikkje lenger klarer å vedlikehalde ein større bygningsmasse knytt til gardsdrift eller fritidshus. Blixnaustet på Vikøyri var eit slikt døme. Bygningen stod med store hol i taket, og var på veg ned. Redninga i dette tilfellet var ein ny eigar som ville berge det siste tømra naustet på Vikøyri for ettertida. I dialog med kommunen og fylkeskommunen, gjekk den nye eigaren i gang med å søkje Norsk Kulturminnefond om støtte til istandsetting. Arbeidet vart igangsett straks søknaden vart innvilga. Under følgjer eit kortfatta utdrag av prosessen.



Figur 6. Naustet før istandsetjinga. Foto S. Nordrumshaugen/VLFK, 2017.

Naust, Vik i Sogn. Dette kulturminne er det siste tømra naustet i det verna strandsitjarmiljøet på Vikøyri. Det gjer at bygningen har høg lokal verneverdi. Dette i lag med den dårlige tilstanden, gjer at kulturminne vert prioritert høgt hjå Norsk Kulturminnefond.



Figur 7. Foto S. Nordrumshaugen/VLFK, 2017.

Naustet hadde stått i mange år med store taklekkasjar. Ny eigar gjekk ved årskiftet i gang med førstehjelp og sikring av naustet med innvendig avstiving og utvendig presenning.



Figur 8. Mellombels sikring av naustet før istandsetjinga startar. Foto S. Nordrumshaugen/VLFK, 2018.

Tiltak nr. 1 er å sikre objektet slik at det ikkje døtt ned eller får større skadar før ein kjem i gang med reparasjonar. Det tek tid å sökje om tilskot.



Figur 9. Rydding

av naustet før istandsetting. Foto Alf Tore Hommedal, 2018.

Å rydde ut av objektet slik at ein får oversikt over skadeomfanget, er viktig for at handverkarane som skal rekne på jobben får det beste utgangspunktet for å lage eit kostnadsoverslag som er realistisk. Eit anna viktig moment er å få oversikt over kor mykje material ein må skaffe til vege. Planlegging av hogst krev ofte noko tid.

Drøfting mellom alle partar i prosessen er viktig. Kva nivå ein skal leggje seg på? Kva skal ny bruk vere? I dette tilfellet var det ikkje aktuelt med ny bruk eller oppgradering med komforttiltak. Vi vurderte difor berre kva stokkar som måtte bytast ut eller berre spunsast (lokal reparasjon). Det er viktig at tømmerkonstruksjonen har bæring nok for å tåla dei lastane bygningen er utsett for (snø og vind, pluss vekta av taket). Utføringa av det mest spesialiserte tømmerarbeidet vart gjort av handverkarar med spesialkompetanse på istandsetting av gamle hus. Eit poeng her var at arbeidet skulle utførast på same nivå som då det stod nybygd. Eit naust er som oftast ikkje eit tett lafta hus, og det er viktig at ein då ikkje overdriv utføringa av det tekniske arbeidet.



Figur 16

og Figur 17. Rett material til objektet. Naustet var lafta med furutømmer. Nytt tømmer vart hogd i nærområdet etter at eigar fekk positivt svar på søknad om tilskot. I dette tilfellet var det Norsk kulturminnefond som støtta istandsettinga. Foto Alf Tore Hommedal.



Figur 18. Naustet

under istandsetjinga. Her har svillstokken blitt bytta ut med ny. Foto Alf Tore Hommedal, 2019.

Ein lyt som oftast begynne i botn, med fundament og utbetringar av berande konstruksjon. Når ein har retta opp og reparert konstruksjonen kan ein begynne på takkonstruksjonen. Under heile arbeidsprosessen stod det på naustdørene oppslag med informasjon om bygningen og restaureringsprosessen, og om handverkarane og om den økonomiske stønaden som var innvilga.



Figur 19. Naustet innvendig etter at konstruksjonen og taket var sett i stand. Foto Stig Nordrumshaugen, 2019.

All material som var hogd i skogen var tatt på dimensjon. Dvs. at stokkane var nær den dimensjonen dei skulle ha som ferdig material i konstruksjonen. Sperrene i ein takkonstruksjon vert betydeleg sterkare av ikkje å sagast, men berre berkast. Dette er ein del av den gamle byggjeskikken i vårt området på slike uthus. Opphavlege sperr har bore eit torvtak, og var difor godt dimensjonerte for å bere tunge lastar. Torvtaket var seinare blitt skifta ut med teglpanner.



Figur 20. Takkonstruksjonen etter istandsetjinga. foto Stig Nordrumshaugen, 2019.



Figur 21. Legging av takpanner. Foto Alf Tore Hommedal, 2019.


Eigaren, som ikkje sjølv er handverkar, bidrog med mykje praktisk arbeid i prosjektet for å halde kostnadane nede, også ved hjelp av dugnad: Førebuing, skaffe tømmermaterialar; frigjere steinfundamenta for jordvekst og seinare utbetre fundamenta; kle reisverkstilbygg; ta ned, sortere og reinske teglpannene og skaffe supplerande panner; vedvarande rydding og tilrettelegging under handverkarane sin arbeidsprosess; dokumentering av heile restaureringsprosessen. Slikt arbeid kan gå inn som ein del av eigendelen i dei totale kostnadene i prosjektet. Eigar la ved dugnad også tilbake teglpannene.



*Figur 10. Prosjektet er fullført! Ved sluttrapportering får eigar ut det resterande tilskotet. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.*

Ved å bruke kompetente handverkarar sikrar vi at det tradisjonelle handverket vert styrka og at kunnskapen vert halden i live. Utan denne kunnskapen mistar vi kulturarven og kunnskapen om dei berekraftige byggjeskikkane vi har i Vestland fylke.

Ta gjerne kontakt med fylkeskommunen t.d. for råd og rettleiing i forhold til handverkarar eller andre spørsmål.



vestlandfylke.no